



Kjell Yri: Gjer det beste utav saka!

Hege Læg Reid Røssland kjem i eit uvanleg krast innlegg med skuldingar mot Venstre i saka om sal av Valen gard. Det seier formannskapsmedlem frå Uskedalen, Kjell Yri, i ein kommentar etter SV-representanten sitt utfall mot Venstre på *HusnesNett* tysdag.

Yri tykkjer at dei er meir opptekne av å ta mannen og partiet, i staden for å sjå saka.

– Venstre i Kvinnherad prøver det vi kan å sikra ålmenta sine interesser i samband med salet av Valen gard. Då er det svært frustrerande å lesa kva SV skriv, seier Yri.

Han ber Lægreid Røsland og partiet hennar om å vera med og gjera det beste ut av situasjonen ein er komen i. Å svarta andre personar og andre parti hjelper ingenting akkurat no.

– No er det berre felles arbeid som kan føra fram, seier Kjell Yri.

SV-representanten hevda at det liberalistiske synet i Venstre og ikkje dei grønne verdiane og lokale interesser har vunne fram i denne saka etter som det var Venstre i fylkesutvalget som føreslo å inkludera friområdet på Valeøya og på fjellet i salet.

Av Kristian Hus

HusnesNett

Ved å klikka på linken kan ein gå inn på Husnesnett og lesa Hege L. Røsland sitt syn på saka: <http://husnesnett.no/no/nyhende/2823/>